

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-H00
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 25.10.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
046/21	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	08.11.2021
033/21	Utval for helse og omsorg	09.11.2021
098/21	Alver formannskap	11.11.2021
	Alver kommunestyre	

Avvikle interkommunalt samarbeid ved Radøy interkommunale busenter

- A. **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Interkommunalt samarbeid ved Radøy interkommunale busenter vert avvikla og avtalen vert sagt opp innan 31.12.21
- B. Organisering av noverande institusjonstilbod til personar busett i Alver vert avvikla og nytt butilbod vert endra til heildøgnsbemanna omsorgsbustad pluss (bufellesskap) når ny lokasjon er klar. I oppseiingstida vert det arbeidd med å etablere lokasjon for framtidig drift.
- C. Rådmannen vil komme attende til kommunestyret med sak om val av lokasjon

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 08.11.2021:

Handsaming:

Orientering ved tenesteleiar psykisk helse og rus, Vibeke Erstad
Rådmannen sitt framlegg fekk 4 røyster og vart vedteke med leiar sin dobbeltrøyst (Magne Bjørndal, Jan Arild Lindaas, Reidar Knutsen og Svein Arne Vabø), 4 røysta mot (Sølvi Knudsen, Else Marie Dale, Jannicke Helland og Liv Erstad)

RMNF- 046/21 Vedtak:

- A. Interkommunalt samarbeid ved Radøy interkommunale busenter vert avvikla og avtalen vert sagt opp innan 31.12.21
- B. Organisering av noverande institusjonstilbod til personar busett i Alver vert avvikla og nytt butilbod vert endra til heildøgnsbemanna omsorgsbustad pluss (bufellesskap) når ny lokasjon er klar. I oppseiingstida vert det arbeidd med å etablere lokasjon for framtidig drift.
- C. Rådmannen vil komme attende til kommunestyret med sak om val av lokasjon

Utval for helse og omsorg 09.11.2021:

Handsaming:

Kirsti Gjetle Floen-AP er tilsett ved Radøy Interkommunale busenter. Ho informerte om at kommuneadvokaten har konkludert med at ho er inhabil i denne saka etter Forvaltningsloven § 6, 2. ledd. Ho fråtredde møtet då utvalet vurderte spørsmålet om habilitet. Utvalet erklærte Gjetle Floen inhabil, og ho deltok difor ikkje i handsaminga av saka. Pål Inge Fosse Hopland-AP tok hennar plass i utvalet i denne saka.

Vibeke Angelskår Erstad- tenesteleiar Psykisk helse og rus orienterte i saka og svara på spørsmål.

Etter eit gruppemøte sette utvalsleiar Ståle J. Hauge-AP på vegne av AP, SP og KRF fram følgjande endringsframlegg:

A. Interkommunalt samarbeid ved Radøy interkommunale busenter vert avvikla og avtalen vert sagt opp innan 31.12.21.

B. Organisering av noverande institusjonstilbod til personar busett ved RIB vert avvikla og nytt butilbod vert endra til heildøgnsbemanna omsorgsbustad pluss (bufellesskap) når lokasjon er klar. Ved avvikling av RIB må ein sikre brukarane av RIB som er frå Alver kommune eit likeverdig tenestetilbod. Dagens brukarar av RIB som er heimehøyrande i andre kommunar skal verta tilbydd å kjøpa vidare tenesteleveranse frå Alver kommune i det nye bufellesskapet. I oppseiingstida vert det arbeid med å etablere lokasjon for framtidig drift.

C. Rådmannen må komme attende til kommunestyret med sak om val av lokasjon, eventuell renovering av lokala til RIB eller ny lokasjon sentralt på Manger.

D. HO ber om ei orientering om korleis brukarmedverknad vert sikra i prosessen.

Rådmannen sitt framlegg fekk 0 røyster og fall.

Framlegg sett fram i møtet fekk 7 røyster og vart samrøystes vedteke.

HO- 033/21 Vedtak:

Utval for helse og omsorg kjem med følgjande innstilling:

A. Interkommunalt samarbeid ved Radøy interkommunale busenter vert avvikla og avtalen vert sagt opp innan 31.12.21.

B. Organisering av noverande institusjonstilbod til personar busett ved RIB vert avvikla og nytt butilbod vert endra til heildøgnsbemanna omsorgsbustad pluss (bufellesskap) når lokasjon er klar. Ved avvikling av RIB må ein sikre brukarane av RIB som er frå Alver kommune eit likeverdig tenestetilbod. Dagens brukarar av RIB som er heimehøyrande i andre kommunar skal verta tilbydd å kjøpa vidare tenesteleveranse frå Alver kommune i det nye bufellesskapet. I oppseiingstida vert det arbeid med å etablere lokasjon for framtidig drift.

C. Rådmannen må komme attende til kommunestyret med sak om val av lokasjon, eventuell renovering av lokala til RIB eller ny lokasjon sentralt på Manger.

D. HO ber om ei orientering om korleis brukarmedverknad vert sikra i prosessen.

Alver formannskap 11.11.2021:

Handsaming:

Framlegg frå Sp, AP, KrF og H ved Ø.Oddekalv:

A. Interkommunalt samarbeid ved Radøy interkommunale busenter vert avvikla og avtalen vert sagt opp innan 31.12.21

B. Organisering av noverande institusjonstilbod til personar busett ved RIB vert avvikla og nytt butilbod vert endra til heildøgnsbemanna omsorgsbustad pluss (bufellesskap) når lokasjon er klar. Ved avvikling av RIB må ein sikre brukarane av RIB som er frå Alver kommune eit likeverdig tenestetilbod. Dagens brukarar av RIB som er heimehøyrande i andre kommunar skal verta tilbydd vidare tenesteleveranse frå Alver kommune i det nye bufellesskapet. I oppseiingstida vert det arbeid med å etablere lokasjon for framtidig drift.

C. Rådmannen må komme attende til kommunestyret med sak om val av lokasjon , eventuell renovering av lokala til RIB eller ny lokasjon sentralt på Manger.

D. Kommunestyret ber om at utval for helse og omsorg får ei orientering om korleis brukarmedverknad vert sikra i prosessen.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FO- 098/21 Vedtak:

A. Interkommunalt samarbeid ved Radøy interkommunale busenter vert avvikla og avtalen vert sagt opp innan

31.12.21

B. Organisering av noverande institusjonstilbod til personar busett ved RIB vert avvikla og nytt butilbod vert endra til heildøgnsbemanna omsorgsbustad pluss (bufellesskap) når lokasjon er klar. Ved avvikling av RIB må ein sikre brukarane av RIB som er frå Alver kommune eit likeverdig tenestetilbod. Dagens brukarar av RIB som er heimehøyrande i andre kommunar skal verta tilbydd vidare tenesteleveranse frå Alver kommune i det ny bufellesskapet. I oppseiingstida vert det arbeidd med å etablere lokasjon for framtidig drift.

C. Rådmannen må komme attende til kommunestyret med sak om val av lokasjon , eventuell renovering av lokala til RIB eller ny lokasjon sentralt på Manger.

D. Kommunestyret ber om at utval for helse og omsorg får ei orientering om korleis brukarmedverknad vert sikra i prosessen.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Saka skal til innstilling i utval for helse og omsorg og formannskap

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Viser til sak KO-054/21 der det vart vedtatt å starte opp eit 4-årig administrativt prosjekt for leiing, kvalitetsforbetring og ressurseffektiv drift i sektor Helse- og omsorg. Bakgrunnen for prosjektet er vedtatt innsparingar i økonomiplan 2021- 2024. Prosjektet tek utgangspunkt i PwC sin rapport *Kartlegging av helse og omsorg i Alver kommune*, datert 11.01.2021. Framlegg til tiltak i prosjektet som er av prinsipiell karakter og treng strategiske avklaringar, vert lagt fram i eigne politiske saker. Tiltak skildra i rapport som å avvikle Radøy interkommunale busenter vert teken til handsaming i politisk sak.

Rapporten frå PwC seier mellom anna:

«Omtrent en sjettedel av den voksne befolkningen har til enhver tid et psykisk helseproblem og/eller rusproblem, og det er en forventning om at dette vil øke framover. De vanligste lidelsene er angst og depresjon. Redusert livskvalitet, økt dødelighet, sykefravær og uførepensjon er blant de viktigste følgene av psykiske helse- og rusmiddelproblemer. Oppgavene til kommunen overfor disse brukergruppene omfatter kompetansehevende tiltak, nettverksbygging, tilskuddsordninger, kartlegginger og tilsyn. Psykisk helsearbeid og rusforebyggende arbeid er fortsatt et nasjonalt satsingsområde, og det er en forventning at kommuner kontinuerlig videreutvikler og bedrer tjenestetilbudet innen psykisk helse- og rusforebygging». (s.23)

Alver kommune har i dag følgjande butilbod med personalbase innan området psykisk helse og rus:

Enhet	Antall plasser
Røsvikdalen	6
Skrenten	2
Krossleitet	10
Radøy interkommunale busenter	9
Storbruhaugen	2
Sum Psykisk helse- og rus	29

PwC skriv følgjande (s, 94):

Vurdering salg av plasser:

Kommunen selger også plasser. Dette gjelder 5 plasser i institusjonen Radøy interkommunale busenter (RIB) på Manger. Busenteret er et interkommunalt samarbeid som ble etablert i 2008. Vik kommune og Bergen kommune deltar i samarbeidet og har en plass hver. I tillegg selges det to plasser til to kommuner som ikke deltar i det interkommunale samarbeidet. Alver disponerer for tiden 4 av de 9 plassene i busenteret til sine egne brukere, hvorav en plass står ledig. Institusjonen holder til i en fløy i gamle Radøy sjukeheim, Alver kommune eier bygget. Samarbeidet er avtaleregulert, og kostnadene til drift for hver bruker refunderes helt og holdent av brukerens hjemkommune. Alver har ansvar for ledelse og administrasjon og forsvarlig drift og bemanning. Det er 8 medarbeidere som går i døgnturnus, og totalt 13,9 årsverk fast bemanning.

I lys av den krevende situasjonen Alver står overfor når det gjelder antall lokasjoner og tilhørende bemanningsbehov, så vil det være naturlig å også vurdere å avvikle det interkommunale samarbeidet på RIB. Kostnadsbesparelsen vil være at de brukerne som tilhører Alver kan samlokaliseres med andre brukere i kommunen. En gevinst vil også være at personell og kompetanse som idag brukes på RIB kan nyttes i andre deler av tjenestene. Oppsigelsestid i vertskommuneavtalen er 12 måneder. En eventuell avvikling må skje over tid og i dialog og samarbeid med de kommunene som inngår i avtalen.

Tiltak	Innsparings-Potensial MNOK	Oppstart	Effekt	Konsekvens
Avvikling av Radøy interkommunale busenter Prosjekt for planlegging og gjennomføring	Beregnet inn i generell samlokalisering	2022	Bedre utnyttelse av personell	Samarbeidskommunene må ta hjem sine brukere

Saksopplysninger:

Historikk:

Kommunestyre i Radøy kommune vedtok 19.9.2007 i sak 039/07 oppstart av arbeid med bu- tilbud v/ RIB jamfør vedlegg 1. Bakgrunn for arbeidet var at Helse Bergen sin døgnavdeling på Manger skulle avviklast og ni pasientar var utskrivingsklare. Dette betydde at kommunane skulle ta over ansvaret for pasientane. Radøy kommune hadde den gang 3 utskrivingsklare pasientar. Helse Bergen tok initiativ til å opprette eit prosjekt der hovudmandatet var å greie ut- og gjere framlegg om eit døgnbemanna busenter, organisert som eit interkommunalt samarbeidsprosjekt for psykiatriske pasientar i Nordhordland.

Prosjektgruppa var bredt samansett både frå brukarorganisasjonar, Helse Bergen og Nordhordlands kommunane.

Målgruppa for butilbodet var klart definert- «*Psykiatriske pasientar som treng døgnkontinuerleg oppfølging og omsorg i institusjonslikande rammer*». Rådmannen si vurdering i 2007 var at Radøy kommune var den av Nordhordlands kommunane som hadde flest pasientar i målgruppa. Kostandane ved å legge til rette for eit eige butilbod for Radøy sine pasientar ville bli mykje høgare enn ved å gå inn i eit interkommunalt samarbeid.

Drift ved RIB starta 1. oktober 2008 med 9 plassar. Radøy, Vik, Bergen og Osterøy kommune starta opp interkommunalt samarbeid. I 2016 gjekk Osterøy ut av det interkommunale samarbeidet- og oppretta eige butilbod i Osterøy. I tida har fleire eksterne kommunar kjøpt plass til brukarar ved RIB.

Avtale om plasser pr. no:

- Alver kommune 4 plassar
- Vik kommune 1 plass
- Bergen kommune 1 plass
- Sal av 2 plassar til eksterne kommunar
- 1 plass ledig

Status

Pr. 1. oktober 2021 blir 7 av 9 plassar nytta ved busenteret. 3 blir nytta av Alver kommune, 1 Bergen kommune, 1 Vik kommune og 2 plassar blir kjøpt av andre kommunar som ikkje er med i det interkommunale samarbeidet. Personalet v/ RIB gir og tenester til omsorgsbustad pluss som er nærliggande RIB (brukar som tilhøyrar Alver kommune). Andre ledige plassar er pr. tida ikkje nytta med bakgrunn i at personar som er i behov for døgnbemanna butilbod i Alver kommune ikkje fyller kriteria for plass ved institusjonen (sjå vedlegg 2, Avtalens punkt 1).

Den interkommunale avtalen for RIB jamfør vedlegg 2, har ei oppseiingstid på 12 månadar. Kommunar som

ikkje er med i det interkommunale samarbeidet, men som kjøper plass har individuelle avtalar. Ingen av noverande avtalar går lenger enn ut desember 2022.

Dei seinare år har dei fleste kommunar bygd opp tenester med heildøgnsstilbod til brukargruppa. Dei fleste kommunar har valt å organisere tilbodet i omsorgsbustad pluss (bufellesskap). Ved opphald i institusjon krev kommunen vederlagsbetaling frå den enkelte bebuar som har vedtak på langtidsopphald. Vederlagsbetaling er heimla i [Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester - Lovdata](#). Eigenandelen skal omfatte kost, losji, medisinar mv. samt helse- og omsorgstenester som kommunen organiserer etter helse- og omsorgstenestelova.

Ved drift som omsorgsbustad pluss (bufellesskap) er det den einskilde brukar som sjølv må dekke kost, losji, medisinar mv. Brukar kan søkje bustønad frå Husbanken.

Samanlikna med etablerte bufellesskap i Alver kommune vil ikkje brukar få høgare kostnader ved omsorgsbustad pluss (bufellesskap) enn ved å bu i institusjon.

Omsorgsbustad pluss (bufellesskap) i Alver kommune har institusjonslikande rammer med tanke på bemanning gjennom døgnet. Brukarane har si eiga leilegheit med kjøkken, bad, soverom, stove, terrasse og eigen inngang som dei rår over. Brukarane kan nytte seg av fellesrom/ stover til sosiale samankomstar og felles måltid om ein ynskjer det. Brukarane blir etter kartlegging gitt individuelle vedtak etter behov. Det er ein nødvendighet og trygghet for målgruppa å ha tilgang på personale gjennom døgnet.

Lowverket opnar for at ein kan endra vedtak om langtidsplass i institusjon til anna heildøgnsbemanna bustad.

Vurdering

Lokala som i dag blir disponert til RIB er i behov for rehabilitering på fleire områder. Bygget er frå 1985 og det er i liten grad gjort rehabilitering av større overflater sidan bygget var nytt. Dersom RIB skal fortsette drift i lokala må ein sikre at lokasjonen får rehabilitering etter dagens krav. Nye bad på alle bebuarrom, nytt produksjonskjøkken, nye golv i heile avdelinga, ny ventilasjon, nye dører både inne og ute.

Ved avvikling av RIB må ein sikre dei 3 brukarane som tilhøyrar Alver kommune eit likeverdig tilbod. Pr. tida har ikkje Alver kommune ledig kapasitet i nokre av dei etablerte bufellesskap til målgruppa. Alver kommune kan vurdere sal av plass til andre kommunar om ein har ledig kapasitet.

Dersom kommunestyret godkjenner avvikling av drift ved RIB vil ein kunne starte planleggingsprosess med val av ny lokasjon.

10. juni 2021 var det dialogmøte med samarbeidskommunane i det interkommunale samarbeidet. Bergen, Vik og Alver kommune gjennomførte møtet på Radøy interkommunale busenter. Avtalen baserer seg på at det er 12 månader oppseiing på avtalen frå partane. Bergen kommune formidla at det er viktig at dei får tilbagemelding så snart saka er handsama politisk i Alver kommune, slik at dei får tid til å etablere nytt tilbod i Bergen. Vik formidla at dei ynskjer å gå i dialog med Alver kommune om kjøp av tenester vidare dersom det interkommunale samarbeidet blir sagt opp.

Verneombod, plasstillitsvalt vart informert om den politiske saka hhv. i møte 14. oktober og 20. oktober 2021. Brukarar og/ eller pårørande blir orientert om rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Rådmann vurderer at utviklinga av behov og etterspørsel for heildøgns bemanna butilbod til målgruppa er i endring. Ein kommune med innbyggartal som Alver treng heildøgns bemanna plassar i bufellesskap til eige bruk i større grad enn tidlegare. Uavhengig av det må ein gjere vurderingar og ta omsyn til samansetting av grupper ved innflytting i bufellesskap.

Avvikling av interkommunalt drift vil ikkje gje brukaren eit dårlegare tilbod, men brukaren må flytte til nytt bumiljø og få oppfølging frå fastlege på line med andre innbyggjarar i kommunen.

Vedlegg i saken:

01.11.2021	Sakspapir KO Radøy 2007	1634054
01.11.2021	Avtale RIB, Bergen	1634056
01.11.2021	Avtale RIB, Vik	1634055